



Dei lovande langrennsjentene Katrine, Kari og Ingebjørg førebur seg til ein ny sesong saman med Ole Vidar Monsen.

Langrennsløparane i idrettslaget ser fram til at dei skal få snø under skia. Torsdagskveldane har dei til no hatt fellestreningar på rulleski. Sist torsdag var det og rulleskitrening, men det var tydeleg at deltakarane beundra dei første snøfnugga som kom dalande ned under treningsøkta.

Dei tre ungjentene Katrine Y. Røssland(12), Kari Bråtun(12) og Ingebjørg Haugland(13) hadde ein aktiv og god sesong i fjor. Sesongførebuingane synest å vera godt i rute. I tillegg til rulleskitreningane har dei delteke på Familietrimmen om mandagskveldane. Dessutan er alle tre ivrige fotballspelarar og held forma ved like gjennom den aktiviteten, i tillegg til at dei er aktive innan turgåing og friluftsliv.

Dei trivst godt i langrennsmiljøet, og fortel at dei har rulleskitreningar kvar torsdag. Fleire av dei vaksne langrennsløparane ruller på trenaransvaret, og sist torsdag var det Ole Vidar Monsen som gav gode råd til dei unge løparane.

- Rulleskigåing er god trening, og dessutan er det gøy, seier dei tre der dei er godt utstyrt med hjelm og refleksevest. – Vi pleier å gå på gang- og sykkelveien, men der er det så glatt i dag at vi må finna andre løysingar.

Sjølv om rulleskitrening er gøy, legg dei ikkje skjul på at dei gler seg til dei får snø under skia. Slår vermeldingane til, er ikkje det mange dagar unna. Konkurransesesongen startar midt i januar. Ole Vidar fortel at det første karusellrennet vert arrangert i Fjellhaugen den 18.januar. Han fortel og at det er opptil 10 uskedelingar med på fellestreningane på rulleski.

Vi ønskjer jentene, Ole Vidar og resten av langrennsløparane lukke til med sesongen.

Av: Thor Inge Døssland.